

---

**Emne:** Redusert åpningstid SFO

**Til:** Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>

**Sendt:** 11.12.2023 20.43.25

**Fra:** Mariann Beate Bøe <mariann.b.boe@gmail.com>

Det var med stor undring og uro eg las at det i budsjettet for 2024 er foreslått å innskrenke åpningstida på SFO på Hareid med ein halvtime om morgonen og ein time på ettermiddag, samt vere feriestengt.

Korleis skal dette vere foreinleg med at foreldra jobbar full stilling? Dette vil enten innebere at minst ein av foreldra blir tvungen til å jobbe redusert stilling - for dei aller, aller fleste fem-/seksåringar er ikkje modne nok til å vere heime åleine, og kan heller ikkje påleggast det ansvaret det inneberer. Det forelegg to alternativ for dei borna som ikkje har gangavstand til skulen: dei må enten ta buss heim ved skuleslutt (som på Bigset er klokka 12:15 nokre dagar og klokka 13:30 andre dagar) og vere heime åleine i fleire timar til foreldra kjem frå jobb, eller bli henta 15:30.

Har ein for eksempel jobb i Ålesund betyr dette at ein rekk å vere på jobb i 4,5 time per dag - med andre ord godt i underkant av 60% stilling. Ser det er anslått at forslaget vil gje ein reduksjon i kostnader på 2,5 MNOK. Er det tatt hensyn til kva reduksjonen i skatteinntekter som følge av reduserte stillingsbrøkar betyr for kommunen? Sjølv om det meste av skatteinntektene går til staten er det ein ikkje ubetydelig del som tilfell kommunen - eventuelt fell bort, slik som her.

Kva med dei som jobbar i turnus i kommunen for eksempel, vil vaktene bli endra på slik at dei rekk å hente barna sine? Eller andre stillingar med fast arbeidstid? Er det rekna på korleis dette vil påverke kommuna?

I kommuneplanen er eitt av hovudmåla at Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.

Korleis i all verda stettar reduksjon i åpningstida på SFO dette målet? Det er langt frå attraktivt for ei småbarnsfamilie å bu i ei kommune som nærast ved eit pennestrøk tek frå familiene muligheita til å ha ei normal arbeidstid. Slik saka er framstilt verkar det å vere gjort berekningar på kva kommunen vil ha i direkte innsparingar på tiltaket, men ikkje dei andre direkte og indirekte meirkostnadene som følgjer ved dette. Dersom dette forslaget blir vedteke vil det vere å rygge inn i framtida, og for mange av oss vil det vere ei svært lite attraktiv kommune å bu i.

Mariann Bøe Østrem